



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn - uttak av vatn - drikkevassforsyning - Stølselva og Histeinselva - Opovassdraget - Ullensvang

Eit drikkevassuttak frå Stølselva og Histeinselva, slik det er søkt om, vil påverke elvane i lågvassperiodar, men det ser ut til at planlagde avbøtande tiltak vil avgrense negative konsekvensar til eit akseptabelt nivå.

Vi viser til høyringa av søknader frå Ullensvang kommune om uttak av grunnvatn frå Stølselva og Histeinselva.

Kva søknaden gjeld

Seljestad vassverk skal oppgraderast med nytt vasshandsamingsanlegg og reintvassbasseng, på grunn av forventa auka tal hytter på Seljestad. Vasskjelda skal frå 2030 òg sikre vatn til å sløkkje eventuell brann i Røldalstunnelen på E134. I dag er Stølselva reservevasskjelde for dagens brønn, som har avgrensa kapasitet. Planen er at Stølselva skal vere hovudvasskjelde, og Histeinselva reservevasskjelde. Vatnet skal takast ut i kort avstand oppstraums samanløpet mellom dei to elvane, og dei to søknadane må sjåast i samanheng. Planlagt uttak er avhengig av framdrift i hyttebygginga, men prognosar tilseier eit gjennomsnittleg uttak tilsvarande 12 l/s. Nedstraums samanløpet vil vassføring bli redusert tilsvarande vassuttaket frå dei to elvane.

Det er søkt om eit maksimalt uttak på inntil 32 l/s frå begge elvane, men det vil vere store variasjonar gjennom året. I Stølselva skal vatnet takast inn frå ein eksisterande dam. I Histeinselva er det planlagt minstevassføring lik alminneleg lågvassføring. I Stølselva er det ikkje planlagt minstevassføring, og ei 25 meter elvestrekning vil bli tørrlagt i periodar med høgt vassforbruk og lita vassføring, til dømes ved påske. Det er i staden planlagt å byggje ein liten lausmasseterskel i Stølselva, for å sikre ein vasspegel på strekninga. I Histeinselva skal vassinntaket byggjast under elvebotnen, utan oppdemming av vatn. Vassleidninga skal leggjast i eksisterande lysløypetrasé, men vil krysse Histeinselva, og føre til inngrep i elvebotnen. Vassverket forsyner 20 fastbuande og om lag 700 feriebustadar.

Vår vurdering

Maksimalt vassuttak vil utgjere 2,6 prosent av middelvassføringa i Stølselva og 3,4 prosent i Histeinselva. Uttaket vil ha ubetydeleg effekt på vassføringa i dei to elvane i store delar av året, men



som det går fram av søknaden, vil toppforbruk i ferieperiodar om vinteren felle saman med periodar med låg avrenning.

Redusert lågvassføring på seinvinteren, som er ein naturleg flaskehals for den biologiske produksjonen i norske vassdrag, vil påverke vassfaunaen negativt. Det er, så langt vi kjenner til, ikkje registrert raudlistearter eller viktige naturtypar som vil bli råka. Planlagt minstevassføring vil oppretthalde livsvilkår for vasstilknytte artar i Histeinselva i tørre periodar. I Støselva vil den planlagde terskelen òg oppretthalde vassdekt elvebotn og truleg eit visst livsgrunnlag på strekninga frå den eksisterande inntaksdammen til samløpet med Histeinselva.

Vassuttaket vil òg påverke strekninga nedstraums samløpet mellom dei to elvane, men effekten vil gradvis bli redusert ettersom det kjem inn nye tilløpselvar nedover dalen. Vi reknar ikkje med at tiltaket vil påverke vassføringa på den lakse- og sjøaureførande strekninga i nemneverdig grad, men det er ikkje vassføringsdata i søknaden til å sjekke dette nærare.

Opo er verna mot kraftutbygging på grunn av «Urørthet. Vassdraget er sentrale deler av et attraktivt og kontrastrikt landskap. Største delen av vassdraget ligger på høyfjellet, der elver og vann er fremtredende i landskapet. Fra kanten av platået faller elvene i kraftige fosser bratt ned i dalbunnen og videre til fjorden. Stort naturmangfold. Viktig for friluftslivet. De fem vernede vassdragene Opo, Kinso, Bjotveitelvi, Erdalsvassdraget og Veig utgjør en helhet ved at de samlet utfyller Hardangervidda nasjonalpark ned til fjorden mot vest og nord.»

Vassuttak til drikkevassforsyning er gitt prioritet i dei rikspolitiske retningslinjene for verna vassdrag: «...Ved praktiseringen av retningslinjene bør det legges til grunn at vernede vassdrag kan utnyttes til drikkevannsforsyning dersom det ikke finnes gode, alternative drikkevannskilder og dersom inngrep i en slik sammenheng ikke reduserer verneverdiene vesentlig.»

I søknaden er vassuttak frå Støselva og Histeinselva, slik det er søkt om, omtalt som det minst konfliktfulle av vurderte alternativ. Løysinga er omtalt som kompakt, vil kome nær eksisterande inngrep, og vil dels utnytte eksisterande installasjonar. Ulempa er hovudsakleg at det vil bli teke ut vatn frå elvane i den mest kritiske perioden av året. Dette vil påverke relativt korte elvestrekningar, der skaden dels vil kunne avbøtast ved minstevassføring eller fysiske tiltak i elva. Vi kan ikkje sjå at tiltaket vil redusere vernegrnlaget for Opo i vesentleg grad.

Vi legg generelt til grunn at tiltaket blir utført med minst mogleg nye naturinngrep, og at området blir tilbakeført etter moderne praksis basert på naturlege terrengstrukturar og naturleg frøbank. Vi viser her til miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 - 12.

Vi viser til forureiningslova § 7 om å unngå forureining.

Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Ullensvang kommune

Vestland fylkeskommune

Opheimsgt. 31

Postboks 7900

5750

5020

ODDA

BERGEN